

FORNYINGS- OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET	
- 3 JUNI 2008	
ARKIVKODE:	654
SAKSNR:	200701734-3

**Vedtak om lenging av tidsavgrensa løyve etter
konkurranselova § 13 for Den norske Forleggerforening og
Den norske Bokhandlerforening til å samarbeide om
fastpris for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning.**

(Lagt fram av statsråd Heidi Grande Røys)

28/5-08 *Stor*

KONGELEG RESOLUSJON

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Statsråd: Heidi Grande Røys

Ref nr.:

Saksnr.: 200701734

Dato: 28.05.2008

Vedtak om lenging av tidsavgrensa løyve etter konkurranselova § 13 for Den norske Forleggerforening og Den norske Bokhandlerforening til å samarbeide om fastpris for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning.

1. Saka gjeld

Saka gjeld tilråding om å gje Den norske Forleggerforening (DnF) og Den norske Bokhandlerforening (DnB) løyve til å halde fram med samarbeidet om faste vidaresalsprisar for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning i samsvar med Bransjeavtalen av 20. juni 1998 for omsetning av bøker. Løyvet skal gje høve til å lengje og praktisere avtalen til utløpsdato for nåverande bokavtale, 31. desember 2010.

2. Bakgrunn

DnF og DnB har ved kongeleg resolusjon av 30. juni 2006 unnatak fram til 1. juli 2007 frå § 10 i konkurranselova, slik at dei kan samarbeide om faste vidaresalsprisar for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning. Dette var meint som ei mellombels ordning som skal gjelde fram til eventuelle alternative tiltak for å betre tilgjengelet på norskspråkleg faglitteratur vert satt i verk.

3. Departementet si vurdering

Regjeringa er opptatt av å ta vare på norsk som fagspråk og akademisk språk. Kultur- og kyrkjedepartementet vil setje i verk ei evaluering av bokavtalen, der òg fagbøker og lærebøker til høgare utdanning vil inngå. Evalueringa skal vere ferdig i tide til å inngå i førebuingane til forhandlingane i bokbransjen om ei eventuell ny avtale frå 2011. Det er difor rimeleg at ordninga med samarbeid om fastpris held fram i levetida til noverande bokavtale.

4. Konklusjon

Fornyings- og administrasjonsdepartementet gjer framlegg om vedtak om å gje DnF og DnB lov til å vidareføre og praktisere ordninga med fastpris for bokgruppe 2, profesjonsbøker og bøker

for høgare utdanning i Bransjeavtalen av 1998, til 31. desember 2010.

"Fornyings- og administrasjonsdepartementet

tilrår

Vedtak om lenging av tidsavgrensa løyve etter konkurranselover § 13 for Den norske Forleggerforening og Den norske Bokhandlerforening til å samarbeide om fastpris for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning, i samsvar med forslaget som ligg ved ."

"Vedtak om lenging av tidsavgrensa løyve etter konkurranselover § 13 for Den norske Forleggerforening og Den norske Bokhandlerforening til å samarbeide om fastpris for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning:

I.

Den norske Forleggerforening og Den norske Bokhandlerforening får løyve til å lengje Bransjeavtalen av 20. juni 1998 for omsetning av bøker, når det gjeld fagbøker og lærebøker for høgare utdanning, med de klårgjeringar som går fram av Arbeids- og administrasjonsdepartementets vedtak av 23. mars 1999. Samanslutningane og medlemene i samanslutningane får med same heimel løyve til åtførding etter avtalen som elles ville vore i strid med forbodet i konkurranselover § 10.

II.

Vedtaket trer i kraft 1. juli 2008 og gjeld til 31. desember 2010."

